



Måsen har funne sin plass og hekkar i takstigen på huset til Birger Myklebust.

Ein måse har laga seg reir og hekkar i takstigen på huset til Birger Myklebust på Neset. Ja, etter ei stund kom ei skjor og ville vera med på leiken. Ho samla kvister for sitt reir i ein rododenro på nedsida av huset. Om alt hadde gått etter planen, ville Birger hatt to hekkande fuglar på tunet, måsen på oppsida og skjora på nedsida. Men slik gjekk det ikkje. Les meir.

Ein dag kom dei opp i krangel, fauk etter kvarandre, hakka og slost. Dermed vart skjora forvist og gav opp hekkinga. Dermed ligg måsen att, fredeleg og fin, på sine to egg i 20 dagar. Birger snakkar med måsen kvar dag og gjer seg til vens med han fram til klekkinga tek til. Då vert det leven på tunet med mykje aggressivitet.

Birger veit mykje om kva det betyr å ha måse med ungar på tunet. Då er det berre å laga seg til med paraply og vera klar for mykje måseskrik og kamp. Birger minnest mange hekkande måsar på Neset, på dei mest utrulege plassane. Ein gong la måsen reir på gangbrua ut til Sjøhuset. Dermed var tilkomsten stengt i ein månad. I alle fall måtte ein gjera tiltak for å koma til naustet.

Ein anna gong hekka måsen på toppen av ein lysstolpe. Meir vanleg er det med hekkande måse i graset. I den tida Birger Myklebust hadde tilsyn i båthamna, minnest han måsen som hekka på taket på Vertshuset. Ungane fall ut av reiret og ned i ein båt. Dei slo leir akter i båten. Det var mest uråd å koma forbi på kaien. Til slutt laga han seg til med gode kle og utstyr og fekk dei på sjøen.

Om skjora kjem att og fullfører sin plan på nedsida av huset, er enno uvisst. Tida vil syna. Følg med i neste bolk.

Tekst/foto/nett: Kristin Bringedal



Skjora sin plan med reir og hekking i rododenroen på nedsida av huset var mislukka, så langt.